ÅRSMELDING

ACTA BARN OG UNGE I NORMISJON SOGN OG FJORDANE

2018

acta barn og unge i normisjon

1 - Årets gleder

Fellesskapsutvikling i Sunnfjord! Ei av årets gleder er tilsettinga av fellesskapsutviklar i Acta. Stian har hovudfokus på arbeidet i Sunnfjord, og er komen godt i gang med utviklinga av nye fellesskap i Førde. Utvikling av nye fellesskap i Acta er noko vi ynskjer å satse på, og noko vi ser trengs. Barn og Unge i fylket vårt treng fleire fellesskap, og vi ynskjer å vere med å bygge dei!

Planlegginga av Konfcamp Nordfjord! Vi ynskjer å satse stort på ein eigen konfirmantfestival i Nordfjord. Planlagt oppstart er seinsommaren 2020. Konfcamp er eit samarbeid med Acta sentralt.

2 - Årets utfordring

Leirarbeidet på Teigen har vore ei utfording for oss dette året. Dessverre har 2 av dei planlagde leirane blitt avlyst pga for få påmedingar. Vi har derfor valt å køyre fellesleirar for heile barneskulen. Det er kjekt at den største av desse leirane hadde 40 deltakerar! Vi treng å jobbe med rekrutering av både leiarar og deltakerar til leirane på Teigen, og vonar at vi med å ha fokus på å etabere lokale fellesskap også på sikt vil kunne rekrutere folk i frå desse fellesskapa til leir, både som deltaerar og leiarar.

3 - Rapportering av talmateriale

3.1 - Lokalt arbeid i Acta 2018

Støtteordninga gjer at årsrapportar blir godkjent på hausten, så der ligg statistikken eit år bak.

Lokallag totalt 2018: 26 (26) lokallag og 2 (2) barnehagar er tilslutta Acta pr 31/12-2018.

Tal på lokallag med godkjent årsrapport 2017: 21 (2016:22)

Tal på aktive lokallag utan godkjent årsrapport 2017: 5 (2016: 2)

Tal godkjente medlemmer i lokallaga (har betalt medlemskont. 2017: 488 (2016: 533)

Tal medlemmer totalt i 2017: 684

Det er svært kjekt å komme på lagsbesøk! Det er fantastisk å sjå trufaste leiarar som står på år etter år. Vi i Acta-styret takkar for arbeidet og vil inspirere til ny teneste!

Fordeling pr. kategori

8 (8)	Barnelag
13(13)	Barnekor/Soul Children
4 (4)	Ungdomslag
0 (0)	Familielag
1 (1)	Regional leirklubb
2 (2)	Barnehagar

Fordeling pr. område

19(20)	Nordfjord
3(3)	Sunnfjord
3 (3)	Sogn
1 (1)	Regional

3.2 - Regionalt arbeid i Acta

Leirarbeidet

Totalt arrangement: 14 (15) Totalt avlyste leirar: 2 (1)

Totalt tal på deltakarar: 617 (504) (inkl. nordfjordsommar)

Totalt tal på leiarar: 130 (140) (inkl. nordfjord sommar)

Medlemmar i leirklubb: 155 (184)

Talmateriale fordelt på leirstadar:

STAD	ARRANGEMENT	TAL PÅ DELTAKARAR
Fjordly ungdomssenter	9 (10) leirar for barn- og ungdom	362 (405)
Teigen leirstad	4 (5) leirar for barn og ungdom 2 av desse vart avlyst.	65 (99)
Nordfjord fhs	1 familiearrangement samarbeid med Normisjon og KRIK	190
Totalt	**14 (15) Arrangement**	**617 (504)**

4 - Økonomi

Acta Sogn 8 Fjordane har felles økonomi med Normisjon Sogn 8 Fjordane og årsrekneskapen der syner eit underskot. (Sjå Normisjons reikneskap) For Acta sin del ser vi ei auke i gåver til Acta sitt regionale arbeid, det er kjekt! Vi treng likevel å jobbe med å få fleire faste givarar til Acta då antall fastgjevarar og sum frå desse har stått stille siste året.

I 2018 kr 139 000 fordelt på 308 innbetalingar og 26 faste gjevarar.
Totalt i 2018 fekk Acta gåveinntekter på kr 378 869,- Dette inkluderer kyrkjeoffer, enkeltgåver, giroinntekter osb.

Tusen takk til alle som støttar Acta med fast gjevarteneste og andre gåver!

5 - Acta-styret sin kommentar

Acta-styret hadde i 2018 fem møter, der eit var felles med regionstyret, og handsama 26 saker. Saker som var oppe var mellom anna strategi for rekruttering av deltakerar og leiarar, oppfølging av arbeidet med handlingsplan og identitetsprosess, tilsetting av fellesskapsutvikler i acta, leir- og lagsarbeid. Styret møtes på regionskontoret og har i tillegg til saksbehandling hatt fokus på å dele Guds ord og ha fellesskap med Gud og kvarandre,

6 - Styre og tilsette

Frå årsmøte var Acta-styret samansett slik:

Leiar:	Rune Tøsse	2018-2019
Styremedlem:	Frida Bjørnereim	2017-2019
Styremedlem	Anders Osdal	2018-2020
Styremedlem:	Maria Lade	2017-2019
Styremedlem:	Jenny Leirgul	2018-2020
Vara-medlem:	Mariann Endal Husevåg	2018-2019
RS-representant:	Liv Bruland	

Tilsette

Stine Hopland actaleiar	100% (mammapermisjon frå 10.des.2018)
Ane Marte Warvik	50 % (fram til 1. aug 2018)
Stian Stokkebekk	100 % årsengasjement frå 1.aug

Sommarteam: Linda Elise B. Bakke, John Ruben Landøy, Frida Bjørnereim, Maria Lade

Takk

Takk til Gud som ved sin heilage Ande leiar oss fram dag for dag, gjev visdom og håp, og leiar oss til born og unge som vi får dele «grensesprengande fellesskap» med.

Takk til deg som er frivillig, anten det er i lag, på leir eller i støttefunksjon. Takk til deg som oppmuntrar leiarane våre, og takk til deg som er medvandrar! Du er verdifull!

Takk til deg som ber for arbeidet vårt. Forbøn for arbeidarar og arrangement dannar grunnlaget for alt vårt arbeid. Utan at Gud er med i arbeidet vårt klarar vi ikkje å nå målet om Jesus-tilbedande og grensesprengande fellesskap!

Takk til deg som investerer i arbeidet økonomisk. Utan støtte kunne vi ikkje ha auka satsinga for born og unge i regionen, og utan støtte hadde ikkje dei tilsette kunne ha hovudfokus på å spreie ordet om Jesus, nåde, og evig liv!

Vi ser at Gud jobbar i Sogn og Fjordane, og vi ser at vi får lov å vere med på store ting. Ver med i arbeidet vidare, vi trur at Gud fortsatt har store planar for Sogn og Fjordane

Rune Tøsse	Stine Hopland
Styreleiar	Acta-leiar